

# Utviklingsplan

**Tu skule**

**2025-2026**

## Innhald

<b>INNHOLD.....</b>	<b>2</b>
<b>INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
<b>OVERORDNA MÅL .....</b>	<b>3</b>
SEKTORMÅL FOR GRUNNOPPLÆRINGA.....	3
OVERORDNA DEL AV LÆREPLANEN.....	4
<b>KLEPPSKULEN MOT 2028 .....</b>	<b>5</b>
KJERNEKOMPONENTAR FOR KLEPPSKULEN .....	5
<i>Den engasjerte eleven</i> .....	5
<i>Læreplanforståing</i> .....	5
<i>Profesjonelle læringsfellesskap</i> .....	5
FELLES SATSINGSMÅRÅDE I KLEPPSKULEN .....	6
<i>Oracy</i> .....	6
<i>Digitalisering</i> .....	6
<b>TU SKULE .....</b>	<b>7</b>
VURDERING AV UTVIKLINGSMÅRÅDA .....	7
<b>UTVIKLINGSMÅRÅDE 2025-2026 .....</b>	<b>8</b>
<b>MÅL OG TILTAK 2025-2026 .....</b>	<b>9</b>

## Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eit godt kunnskapsgrunnlag for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak.

Utviklingsarbeidet i Kleppskulen bygger på overordna del av læreplanverket, samfunnsdelen i kommuneplanen, strategiane i Kvalitetsplan for barn og unge og dokumentet Kleppskulen mot 2028.



## Overordna mål


### Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga.

## Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

# Kleppskulen mot 2028

## Kjernekomponentar for Kleppskulen

Det er i medskapingsprosessar utarbeidd tre kjernekomponentar for Kleppskulen fram mot 2028. Desse tre kjernekomponentane er skulane forplikta å arbeide i tråd med og Kleppskulen skal retta særskild merksemd mot desse slik at dei ligg til grunn for skulane sin praksis. Dei tre kjernekomponentane og hovudmålsetjingane er:

### Den engasjerte eleven

Kjernekomponenten *Den engasjerte eleven* søker å inspirera og motivera elevane til aktiv deltaking og læring. Målet er å utvikla sjølvstendige tenkjarar og problemløysarar som er ivrige etter å utforska, utfordra og bidra konstruktivt til si eiga utdanning. Dette inneber å leggja til rette undervisninga på ein måte som fangar merksemda deira, fremjar kreativ tenking og oppmuntrar til utforsking. Gjennom denne kjernekomponenten ønskjer ein å utvikla ikkje berre kunnskap, men også ferdigheter som vil vera relevante og nyttige både i og utanfor klasserommet. Det handlar om å byggja bru mellom interessene til elevane og målet til læreplanen, slik at læring blir meiningsfull og engasjerande. På denne måten bidreg «Den engasjerte eleven» til å fremja livslang læring og personleg vekst.

### Læreplanforståing

Hovudmålsetjinga med denne kjernekomponenten er å sikra at lærarar og skuleleiarar har ei djup og heilskapleg forståing av læreplanen vår. Ved å ha ei solid forståing av læreplanen, skal Kleplærarane og skuleleiinga betra tilpassa undervisning for å møta behovet hjå elevane, samtidig som dei sikrar at undervisninga er i tråd med dei overordna nasjonale sektormåla. På denne måten ønskjer me å fremja effektiv læring, engasjement og meistring for alle elevane våre.

### Profesjonelle læringsfellesskap

Hovudmålsetjinga med kjernekomponenten «profesjonelle læringsfellesskap» er å skapa eit dynamisk og støttande miljø der lærarar kan samarbeida, dela kunnskap og erfaringar, og kontinuerleg forbетra undervisningspraksisen. Gjennom regelmessige møter, refleksjon og felles problemløsing, søker desse fellesskapa å fremja fagleg vekst og utvikling blant

lærarane. Ved å ha fokus på og leggja til rette for profesjonelle læringsfellesskap vil me styrkja kvaliteten på undervisninga, auka prestasjonane til elevane og skapa ein kultur prega av læring, samarbeid og kollektiv kjensle av ansvar.

### Felles satsingsområde i Kleppskulen


Alle skulane har sine satsingsområde som bygger opp under kjernekomponentane til Kleppskulen. I tillegg er det to satsingsområde som er felles fram mot 2028.

#### Oracy

Hovudmålsetjinga med satsingsområdet Oracy i skulen er å styrkja munnlege ferdigheter blant elevar og vaksne. Gjennom systematisk trening i munnleg kommunikasjon, og dessutan bevisstgjering rundt tale, lytting og samtaleferdigheter, søker ein å fremja evna elevane har til å uttrykkja seg klart, samanhengande og overbevisande. Dette inkluderer også å utvikla empati og respekt for synspunkta til andre gjennom konstruktiv dialog. Alle våre tilsette skal ha kompetanse på korleis munnlege ferdigheter både kan læra elevane å kommunisera og korleis dei kan læra gjennom å kommunisera. To aspekt av munnlege ferdigheter. Satsinga på Oracy har derfor som mål å rusta elevar for effektiv kommunikasjon i ulike situasjoner, både i skulesamanheng og seinare i livet, og dermed bidra til den personlege og faglege utviklinga deira.

#### Digitalisering

Hovudmålsetjinga med satsinga på digitalisering i skulen er å integrera moderne teknologi som eit effektivt verktøy for læring og undervisning. Gjennom å implementera digitale ressursar, verktøy og pedagogiske metodar søker ein å auka den digitale kompetansen til elevane, fremja kreativitet og innovasjon, og dessutan førebu dei på ei stadig meir digitaliserte arbeidsverda. Vidare ønskjer ein å skapa eit inkluderande læringsmiljø der teknologi blir brukt til å tilpassa undervisninga etter individuelle behov og styrkja engasjementet og motivasjonen til elevane. På denne måten siktar satsinga på digitalisering mot å rusta elevar for framtida og fremja læringseffektiviteten i skulen.



*Modellen viser korleis alt heng saman i Kleppskulen sitt arbeid for å oppnå kvalitet i opplæringa.*

## Tu skule

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2024-2025: **Munnlege ferdigheter og kunstig intelligens.**

### Vurdering av utviklingsområda

Skuleåret 2024-2025 har Tu skule hatt to lærarar som har delteke i kommunalt nettverk innan språk. I tillegg har utviklingsgruppa jobba kvar veke med planar for pedagogisk utviklingsarbeid. Pedagogane har saman med elevane laga klassereglar for munnleg kommunikasjon. Det er også utarbeida startsetningar. I tillegg er det prøvd ut mange ulike samarbeidsøvingar. Rammeverket for Oracy har vore utgangspunkt for arbeidet med munnlege ferdigheter. Pedagogane har planlagt undervisning, observert undervisning, delt erfaringar og sett filmar frå klasseromma med fokus på munnlege aktivitetar.

Med utgangspunkt i kva me har gjort skuleåret 2024-2025 og prosessane i vurdering av måloppnåing, kjem det fram av kunnskapsgrunnlaget vårt at det er behov for vidare satsing på munnlege ferdigheiter i eit vidare perspektiv. Me går derfor over til å kalla satsinga for **Oracy**.

**Oracy** er eit breiare og meir systematisk omgrep. Det tek utgangspunkt i at det munnlege ikkje berre er noko ein *bruker* for å læra, men noko ein *lærar i seg sjølv*. Oracy inneber at ein underviser i munnleg kommunikasjon som i lesing og skriving. Det handlar om:

- Å utvikla både språk og tankar gjennom strukturert samtale og refleksjon
- Å trene på ulike typar samtalar: diskusjonar, utforskande samtale, samarbeid og presentasjoner
- Å jobba med stemmebruk, kroppsspråk, lytting, argumentasjon og samspel
- Å fremja språkleg sjølvtilleit og aktiv deltaking i fellesskapet
- Å bruka munnleg kompetanse som verktøy for konfliktløysing – der elevane lærar å lytta, forstå ulike perspektiv og uttrykkje eigne meningar på ein respekfull måte

Mål om kunstig intelligens er ikkje prioritert i like stor grad. Me har delteke på kommunale deledagar, nytta kunstig intelligens i planlegging og vurdering. Dei eldste elevane har nytta chatroboten til Jærskulen. Skulen hadde laga klar mål innan digitalisering, men grunna varsel om politiske føringar innan digitalisering, har me vald å leggja dette vekk frå sjølve utviklingsplanen. Tu skule er ein skule som skal nytta digitale verktøy på læringsfremjande måtar. Sjølv om det ikkje står spesifisert i utviklingsplanen vil me likevel halda fram med vidareutvikling av god pedagogisk bruk av det digitale.

## Utviklingsområde 2025-2026

Følgjande skal vera utviklingsområde i 2025-2026: **Oracy**

## Mål og tiltak 2025-2026

### Oracy

Tiltak	Aktivitet	Resultat	Verknad	Effekt	Mål
Tiltak som skal bidra til nå målet.	Kva aktivitetar gjer me for å oppnå ønska resultat?	Konkrete og målbare	Fordelar som oppstår som følge av resultata	Langsiktige endringar for skulen/ elevane .	Kva er hovudmålet med tiltaka?
Implementera lokal læreplan for Oracy.  Elevane får opplæring og trening i ulike strategiar i munnlege ferdigheter basert på rammeverket for Oracy.	Pedagogane knyttar plan for Oracy saman med innhald i lokal læreplan.  Pedagogane planlegg undervisning, observerer praksis og deler erfaringar knytta til munnlege ferdigheter.  Elevane trenar på å bruka fagkunnskap i samtale med andre.  Pedagogane brukar kjernelementa i faga som grunnlag for undervisning i samarbeidslæring.  Elevane deltek i varierte samarbeidsoppgåver i alle fag.  Føresette og skulen arbeidar etter felles forventingsdokument.	Betrin av resultat på nasjonale prøvar.  Elevundersøkinga viser auka motivasjon.  Sjølvevalueringa til lærarane og leiarane viser bruk av plan for Oracy.  Elevrådet melder om bruk av Oracy.	Elevane brukar ulike strategiar for å læra.  Elevar brukar fagspråk, ser samanhengar og tenker kritisk i faglege samtalar med andre.  Betre samarbeid mellom skule og heim.	Auka læringsutbytte	Elevane på Tu skule brukar munnlege ferdigheiter til læring, utvikling av positiv samhandling og handtering av livet.
	Det vert utarbeida setningsstartarar for konflikthandtering.  Elevane trenar på konflikthandtering ved bruk av setningsstartarar og rammeverk for Oracy.	Klassetrivsel viser gjensidige vennrelasjoner og færre som melder frå om plaging.  Elevundersøkinga viser lågare mobbetal og auka trivsel.	Elevane har språk til å takle konfliktar/usem je på ein betre måte.  Elevane løyser eventuelle konfliktar sjølvstendig.	Trygt og godt skolemiljø for elevar og tilsette.	

